

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Saksframlegg

Samhandlingsperspektivet

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
20/2017	Styringsgruppa utviklingsplan HMR	22. august 2017

Forslag til vedtak

1. Styringsgruppa tek orienteringa om samhandlingsperspektivet til vitande.

Vedlegg – 01 - Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus

Vedlegg – 02 – Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient

Saksframlegg

For samhandlingsperspektivet har dei prioriterte utviklingsområda si forankring i dialogmøte 7. april, der kommunane og helseføretaket i lag identifiserte og prioriterte følgjande område:

TEMA SAMHANDLINGSPERSPEKTIVET	MERKNADER/ ANSVARLEG
Barn og unge	Fastlege og praksiskonsulent Marianne Rønneberg
Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling	Avdelingssjef Kari Marie Remø Nesseth
Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus	Fastlege og praksiskonsulent Sindre Klokk
Nok helsepersonell med rett kompetanse	Integrert med arbeidsprosess for forskning, innovasjon, utdanning og kompetanse (FIUK). Leia av forskningssjef Berit Kvalsvik Teige.
Teknologi og innovasjon	Prioritert som utviklingsområde av styringsgruppa 6. juni. Innovasjon vert ivareteken gjennom arbeidet med FIUK planen. Teknologi leggst som innsatsområde i Fagavdelinga.
Pasientforløp for den eldre multisjuka	Med bakgrunn i innspel under dialogmøte 7. april og i styringsgruppemøte 6. juni, vert arbeidet inkludert som eit utviklingsområde i samhandlingsperspektivet. Leia av samhandlingsjef Britt Valderhaug Tyrholm.

Sjølve utviklingsplanarbeidet har vore lagt til arbeidsgrupper for dei prioriterte utviklingsområda. Ein tilrådde at allereie eksisterande arbeidsgrupper/utval for dei prioriterte områda fekk mandat til å utarbeide grunnlag for avgjersle. For å sikre lik representasjon i gruppene/utvala, vart forslag til grupper og tilråding for justeringar retta mot styringsgruppa, regionråd, brukarutval, og det vart lagt til rette for tillitsvalte og brukarar.

Arbeidsgruppene rapporterer til styringsgruppa.

Kvart tema skal i all hovudsak utgreiast etter modell frå rettleiaren for utviklingsplanar. I kort tyder det at ein seier noko om:

- no-situasjonen (status)
- utviklingstrekk og framskriving
- analyse og vegval
- målbilete, tiltak og organisering for ei helseteneste for pasienten

Arbeidet skal tuftast på gjeldande nasjonale, regionale og lokale føringar.

Skisse til møteplan og innhald er presentert i det følgjande. *Ein har presisert at dette er eit forslag, og at arbeidsgruppene har hatt høve til å stå fritt i organiseringa så lenge ein har dekt dei tema som er forventa gjennom rettleiaren.* Arbeidsgruppene må også fortløpande kunne vurdere interessentar og gjere evt. naudsynte endringar i gruppesamansetjing.

Ressurssetjinga frå koordineringsgruppa i dei ulike arbeida har vore ein funksjon av omfanget av valde innsatsområde. Koordineringsgruppa har bidrege i oppstarten av arbeida, og med mal for rapport etc.

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Tabell – møteverksemd samhandlingsperspektivet

TID	AKTIVITET	INNHALD	ANSVAR
Mai	Møte 1	<ul style="list-style-type: none">• Konstituering• Velje leiar og sekretær• Møteplan• Intro utviklingsplan• No-situasjon for området• Gjeldande føringar	Arbeidsgruppa og koordineringsgruppa
Juni	Møte 2	<ul style="list-style-type: none">• Utviklingstrekk og framskrivning• Analyse og vegval	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
20. juni	Dialogmøte 2	<ul style="list-style-type: none">• Orienterer om arbeidet• Viktige avklaringar	Arbeidsgruppene med støtte frå koordineringsgruppa
Juni/august	Møte 3	<ul style="list-style-type: none">• Analyse og vegval, vidare• Målbilete, tiltak, organisering for ei helseteneste for pasienten	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
22. august	Leiargruppe, styringsgruppe	<ul style="list-style-type: none">• Presentere arbeidet, innspel	Arbeidsgruppene, med støtte frå koordineringsgruppa
September	Møte 4	<ul style="list-style-type: none">• Tilrå løysing basert på presentasjon av arbeidet og innspel	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
30. september	Leveranse	<ul style="list-style-type: none">• Ferdig rapport	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
30. oktober	Dialogmøte 3	<ul style="list-style-type: none">• Presentasjon samla utviklingsplan• Vidare arbeidsprosess	Koordineringsgruppa
November-Desember	Formell høyring		Koordineringsgruppa

I tillegg har ein jamn kommunikasjon kring utviklingsplanarbeidet med lokale samhandlingsutval, overordna samhandlingsutval og dei tre regionråda i fylket.

I møtet 22.08.17 vert det gjeve ei kort orientering om status og framdrift i arbeidet generelt. For nokre at utviklingsområda ligg det ved ein kortfatta statusrapport som vedlegg til saka. For øvrige visast det til oppsummeringa frå dialogmøtet 20. juni som kan lesast [her](#).